

## ÅrsRapport Holy Riders mc avd. Nordhordland 2018

I 2018 var desse personane i styret for HR Nordhordland:

- Leiar og ansvarleg for facebook-innlegg -Lena Ytreland
- Nestleiar-Svein Ivar Eknes
- Styremedlem-Jørgen Kveldstad
- Styremedlem-Nora Gjerde
- Varamedlem og kasserer-Svein Frette

Me har hatt 2 styremøter – 17.april og 15.august.

Klubben hadde 24 medlemmer i 2018 og har hatt ein aktiv sesong. Vårt hovedfokus har vore drift av mc-kafe og me har hatt eit eventyrleg oppmøte. Mc folk kjem frå Norheimsund, Voss og Sotra, dei kjører i fleire timar for å komme til dei heimelaga vaflene til Liv – folk kjem igjen og igjen og ekstra koseleg med samling og gode samtaler ute rundt blåpanna. Ekte saker det set mc-folk pris på.

Me har også kjørt dyno-jet benken med jevne mellomrom på mc-kafeane og dette trekkjer kanskje mest ungdommar.

### Det åndelege:

Kvart team har hatt oppmøte til mc-kafe kl. 18.00 og teamansvarleg har då hatt ansvar for ei bønnesamling på kjøkkenet.

Etter planen heldt ein av oss (frivillig) ein kort apell ute ca kl. 20.30. Me kalla til oppmerksomhet med ein ropert med fløyte. Her sei ein noko om kva vi står for, at dei som går med vest er mc-misjonærar og at me kan be for dei som ønsker det, pluss info om kva som skjer i mc-miljøet. Den kortaste apellen var på eitt minutt – og den var det mange som likte! Elles har me bedt for folk enkeltvis og me trur på dette med å byggja vennskap og tillit.

### Sesongen:

Me starta vårsesongen tredje april og kjørte mc-kafe kvar veke heilt fram til slutten av juni. Høstsesongen starta att midt i august og varte offisielt til ut oktober, MEN etter det vart det fleire «på sparket mc-kafeear» - dradd i gang av nokre gode ildsjeler i klubben. Me vil gjerne halde kontakten med mc-folket heile året.

Facebook har vore flittig i bruk med å nå ut på alle måter, me har fått veldig positiv omtale og mange «treff» på sida, me har fått nye folk nesten kvar gong, og me er så takknemlig til Lena som har påtatt seg denne jobben.

For å frigjera medlemmer har me hatt med oss 2 «crew» til kjøkkenteneste, men det er alltid ein av oss som har hovedansvar for kafeen.

Nytt i fjor var at me fekk besøk både frå MC Marine og Yamaha Bergen, der dei hadde med seg nye mcar for demo. Dei fekk tildelt kvar sine dagar og det var fleire som prøvekjørte nye Hondaer og Indian mcar på MC Marine-kvelden.

Noko av dei arrangement me har delteke på eller arrangert:

1.mai var nokre av oss med på Bergen Charity-run.

6.mai var det Vårmønstring på Festplassen – det var nydelig vær og me var saman med Bergensavd på stand der me reklamerte for, og delte ut flyers for mc-kafeen med dynojet-benk.

1-3 juni - Hardangertreffet – her var fleire frå klubben på treffet.

På pilegrimstreffet 21-24.juni gleder me oss over å ha fått to nye ryggmerkebærere- Arvid Aasgard og Dag Martin Østervold. Det var mange i klubben som reiste til Fyrresdal denne helga. Me gleder oss også over vår nye prospect-Helge Kaland, som fekk undermerke i sommar.

21. oktober - Basar på klubbhuset med litt mindre oppmøte enn vanleg, men stormande jubel. I forkant hadde me solgt masse lodd blant våre gjester på mc-kafeen. Økonomisk gjekk det omtrent som i fjor.

23. november «Fjeskok» eller smalahovefest på klubbhuset – trakkande fullt hus, med venteliste!. Det var fullt utan å vera annonsert på facebook. Her vert det servert smalahove og pinnekjøtt pluss alt tilbehør ein kan tenkja seg. Dette er no tredje gangen me arrangerer så me kaller det ein tradisjon og primus motor er Helge Gjelsvik.

10. desember – Grautfest Bergen – mange i avdelingen var med på denne kjekke tradisjonen.

#### Nytt med klubbhuset:

Nytt kjøkken – dette gleder me oss stort over – her er det lett og lyst å arbeide, rett og slett ein velsignelse. Takk til alle som har stått på og gjort ein kjempeinnsats på dugnad for at me skulle ha kjøkkenet ferdig før sesongen!

Styret i HR-Nordhordland v/skrivar Nora Gjerde